

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

65. ÅRG. / NR.1 - 2015

God påske!

I KRISER ER
VANN KRITISK



FASTEAKSJONEN 2015
22.-24. mars


KIRKENS NØDHJELP
actalliance

**Helen i
Afrika**

Side 4-5



**Faste-
aksjonen**

Side 6-7

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 16

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20
E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 97 69 75 62
E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn
Tlf. kontor 56 59 39 20
E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på
www.vaksdal.kyrkja.no

«For at det er en nyttig ting kan ingen komme fra»

Då var me i skrivande stund brått komen til medio februar. Eg føler meg knapt ferdig med Jul. Men når eg såg at det var både påskeegg (dei gode med kvit sjokolade i midten) og påskemarsipan til sals forsto eg at slaget var tapt. Litt nyvinningar har me no hatt her på kyrjekontoret i det nye året også. Den gamle trufaste telefonsentralen takka for seg. Eg trudde at de berre var å få ein kar til å fiksa det, men der tok eg feil. Eg fekk beskjed om at den-ne var so gamal at Adam hadde kjøpt han brukt. Det var «ingen» so hadde slekt lenger. Nei, her var de berre å bossa alt, å kjøpa nytt. So no står det ein flunkande ny mobilsentral og lyser på kontoret. Ein kan til og med senda tekstmeldingar med apparaturen. Men eg klarte å ta i bruk eit av dei gamle handsfree setta våre (ein må ta med seg dei sigrane ein får). So litt gammalt er no igjen. Nokre dagar seinare fekk eg tilbod om å få ein brukt heve/sen-kepult. Eg slo til, men føler eigentleg at den gamle pulten er litt for god til å kastast. Vist nokon vil ha den er det berre å gje ein lyd. De kan til og med nå meg på telefon no.

Ein ting veit eg. Eg gler meg til påsken. Vonar eg får nokre fine skiturar i Bergsdalen. Når eg går slike turar blir skaparverket stort for meg, og eg føler meg nærare han som laga det heile. Og når eg sit på ein eller annan topp og skodar utover, kjenner eg at det er heilt greitt å eta påskemarsipan som er kjøpt i medio februar.

Bjart-Magnus N Rosvold

Endringar i Kyrkjebladet

Dei seinare åra har Wenche Horvei teke seg av utforminga av Kyrkjebladet, og hatt løn for det. Frå og med i år er det gjort avtale med VaksdalPosten om dette arbeidet. Wenche Horvei er tilsett i VaksdalPosten og er den som framleis skal arbeide med Kyrkjebladet, så denne endringa vil ikkje merkast så mykje for lesarane - i fyrste omgang berre ei ny utforming av bladnamnet - men endre rutinar og fristar for produksjonen av innhaldet. Framleis er det staben ved Kyrjekontoret som lagar det meste av innhaldet, men me tek gjerne imot stoff og innspel og i framtida.

Fellesrådsleiar:

Anne Hilde Fosse Osvold
tlf. 56 59 58 16 / 951 00 327

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal
tlf. 951 72 152
Dale: Eli Kringlebotten
tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925
Bergsdalen: Ragna Lid
tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044
Stamnes: Bjørn Stamnesfet
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351
Eksingedalen: Geir Høvik
tlf. 56 59 66 49
Nesheim: Frøydis Gullbrå
tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no
**Bjorgvin bispedømme
si heimeside:**
www.kyrkja.no/bjorgvin
Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr 200,-
Annonsepris: kr 3,- pr. sp.
Avgiftsfritt.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstytar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,
5610 Øystese.
Tlf. 56 55 36 50

Retur til: Kyrjekontoret
for Vaksdal, Pb. 113,
5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 15. mai 2015

Nederlag og siger

Påska står for døra. Påskedagane fortel ein historie så variert og dramatisk at det er nett som om han er historia om sjølv livet. For slik livet kan veksle mellom sorg og glede, motgang og medgang, tap og seier, gjer og påskehendinga det.

Nederlag

Bilete på framsida av dette Kyrkjebladet syner ei tornekrone. Jesus er teken til fange, og me les om soldatar som spottar han ved å gje han ei kappe og ei krone av tornekratt «Ver helsa, du konge over jødane» seier dei med hån i røysta. Dei slår og spyttar på han, og gjer narr av han. Ikkje lenge etter vert han ført ut til Golgata, der han vert krossfesta og døyr same ettermiddag.

Alt er tapt. Han som hadde vandra rundt i landet i tre år, hadde sagt og gjort mykje, han er no redusert til ein ynkeleg fange. Det ventar han berre ein ting: Døden. Nederlaget er komplett.


Siger

Bilete du er på denne sida er eit av fire stoffbilete som heng i Vaksdal kyrkje. Motivet på dette bilete syner Jesus i opninga av grava han vart lagt i. Kva har hendt? Jo: Jesus er blitt levande att! Han er stått opp, som me gjerne seie, sjølv om hans oppstode er noko heilt anna enn når me står opp om morgonen. Og med det er nederlaget han leid for nokre dagar sidan blitt til siger.

Nederlag og siger for deg og meg

Dette er ikkje berre ei vakker historie om korleis noko vondt vart til noko godt. Det er historia om ein siger som gjeld andre enn berre Jesus, for denne sigeren får me del i. Ved å vinne over døden slik han gjorde denne påska gjer han det slik at me og vinn over døden. Eller kan vinne over døden, for å seie det meir presist. Denne sigeren er som ei gåve som me kan få del i, men og la vere å ta imot. Jesus sin siger er difor utan innhald og meining for deg viss han ikkje og vert DIN siger. Er dette vanskeleg å tru? Ja visst – men ikkje umogleg.

Trua kjem når me møter den oppstadne og levande Jesus Kristus. Det har me høve til kvar dag, men påskehøgtida er eit ekstra høve til å få budskapet tett inn på livet. Det kan hende på mange vis, og ikkje minst i gudstenesta. Ver velkomen til kyrkja i påska. Ta del i sigeren.



Ha ei velsigna påske!

Helsing
Frode Kvamsøe

Bringer håp og lækjedom til dei gløymte fattige: *Helen frå Stamnes på Mercy Ships*

I vinter var Helen Børhaug (tidlegare Lunde Stamnes) i to veker i januar på skipet «Africa Mercy», som er driven av stiftinga Mercy Ships. Skipet er i byen Tamatave på aust-kysten av Madagaskar.

Helen er utdanna anestesistjukepleiar - det er dei sjukepleiarane som passar på at du sov under operasjonar. Ho bur i Hammerfest, der mannen Paul utdannar seg til sjukepleiar, og har fast arbeid offshore som sjukepleiar - på Edvard Grieg-feltet.

Korleis hamna du på dette skipet, Helen?

- Skipet og arbeidet der fekk eg høyre om av ein kollega, og vart fasinert av det dei held på med. Eg har alltid hatt lyst til å reise ut og hjelpe menneske som ikkje har det så bra som oss og å bruke utdanninga mi til dette. Då eg lærte meir om kva dei held på med fann eg ut at eg gjerne ville arbeide saman med dei.

Skipet er jo «kristent». Korleis er det å vere der, då?

- Målsetjinga med skipet er å bringe håp og lækjedom til dei gløymte fattige. Eg hadde lyst til å vere med på slikt arbeid og hadde gjort det uansett kven som sto bak det. Men det er berre fint at det er eit kristen skip og at arbeidet vert driven i kristen ånd. Det er andakt og bøn for dagen kvar morgon for dei som ynskjer å få med seg det. Om sundagen er det gudsteneste for pasientane på gassisk, deira eige språk, og alle om bord kan vera med. Før pasientane skal opererast får dei tilbod om å bli bedt for. Det kan gjerne vere noko i familien som gjer det, men som oftast ønskjer dei at ein av sjukepleiarane skal be for dei. - Men alle som kjem til skipet får hjelp, uansett kva eller kven dei trur på.

Kva gjekk arbeidet ditt ut på?

- Eg arbeidde som sjukepleiar under operasjonar, som for det



På jobb: Helen på jobb på Africa Mercy.



Operasjon: Sjukdom som vert operert på Mercy Ships.

meste gjaldt plastisk kirurgi. Me dreiv til dømes med rekonstruksjon av ansikt, fjerning av stor svulstar, retta ut feilstillingar av bein og armar (gjerne etter brannskader) og opererte bort langtkommen grå stær, så pasientane kunne sjå igjen. Mange har hatt plagene sine lenge og kjem seint til behandling, så plagene er mykje større enn det me nokon gong vil sjå i vestlege land. Det er nesten eit under at ein kan hjelpe dei somme gongar. Alle

aldersgrupper får hjelp, og me hadde både baby og dei over 70 år på operasjonsbordet.

Viss ikkje pasientane hadde fått desse operasjonane kunne mange ganske snart mista livet. Når skipet kjem til staden dei skal vere, etablerer dei eit mottak på land der alle som kjem og vil ha hjelp vert utgreidd. Så får dei behandling og oppfølging på skipet. På land er det òg ein tannklinikk. Somme pasien-



Kø: Mange i kø for å bli undersøkt og utgreidd.

tar kjem til undersøking så seint i sjukdomen at dei ikkje kan få operasjon. Då har skipet eit team som følgjer opp pasienten og familien deira på land, då det ofte er hovudforsørgaren som er sjuk. Ein del av den ni timars lange arbeidsdagen går og med til opplæring og kursing av lokalt helsepersonell. Sjukehuset er godt organisert og topp moderne, fortel Helen. Det er seks operasjonsstover og 78 sengeplassar om bord, og alt som elles trengs for sjukehusdrift. Det er om lag 450 personar som arbeider på båten og tek seg av drifta av sjukehuset og av sjølve båten. Det er fleire familiar som bur på skipet - somme i fleire år - så det er og ein internasjonal skule om bord. Dei tilset lokale folk om bord, til dømes som tolkar. Ein sesong på skipet varar frå hausten til forsommaren. Resten av året er skipet i dokk for oppgradering og vedlikehald.

Du tente vel gode pengar på dette?

- Nei, tvert imot. Me som arbeider på skipet betalar for å få vere med. Det kostar 700 amerikanske dollar å vere der ei månad, og i tillegg må ein sjølv ordne med reis til og frå. Sjukehuset får ikkje offentleg stønad frå nokon land, så inntektene kjem frå eigenbetaling frå dei som arbeider der, og frå donasjonar frå folk over heile verda.

Helen var på skipet i ein friperiode frå arbeidet i Norsjøen.

- Til Madagaskar reiste eg med fly, og frå hovudstaden Antananarivo var det ein busstur i 8-10 timar til skipet. Mercy Ships sette opp buss til oss. Dei færreste av oss kjende kvarandre, men fleire hadde vore på skipet før. Det var eit godt

fellesskap mellom oss, og på fritida fekk me høve til å sjå oss om på land.

- Det er flinke folk på skipet, arbeidet held høg standar og det er eit godt kollegialt fellesskap, så eg vil gjerne ut dit att!

Tekst/intervju: Frode Kvamsøe

Foto: Mercy Ships



Fornøgd: Glad for å få hjelp!

FAKTA

Slik presentarar


Mercy Ships seg sjølv:

Mercy Ships gjev håp og helse til dei gløymte fattige ved å mobilisera menneske og ressursar over heile verda. Vi tener alle menneske uavhengig av rase, kjønn og religion.

Les meir på
www.mercyships.no

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på
Kyrkjekontoret



Kyrkja i dalen (2008)
Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider -

NY PRIS kr 150,-

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.




Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:
Dale: Gyda.

Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja.



Kyrkjestaden Dale
100 år (1996)

104 sider - kr. 50,-



Soga om Stamneskyrkja (1986) 239 sider
- kr. 50,-

Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

(perioden 1986-2011)
er til sals hjå sokneråds-
medlemmene, Kr 100,-



Den nye trusopplæraren:

Kristin Straume Audestad

Kristin (29) var ein av tre søkjarar til stillinga som trusopplærar i Vaksdal i 50%, og vart tilsett i januar. No jobbar ho på Samnanger ungdomsskule, og skal gjere det fram til sommarferien. Ho skal vere litt sving som trusopplærar i denne perioden, og byrjar for fullt i august.

Utdanninga til Kristin er 4-årig allmennlærerutdanning med musikk, uteskule, norsk og spesialpedagogikk som valfrie fag, og ho har tidlegare jobba i periodar på Stanghelle skule og Dale barne- og ungdomsskule.

Det var på Straume Kristin vaks opp, og no bur ho på Vaksdal. Ho er gift med Tor-

bjørn og har borna Ingeborg (10) Jakob (5) og Astrid (2). På fritida er ho leiar i Vaksdal søndagsskule, skriv dikt og har sin eigen dikt-blogg (www.diktfordagen.com)

- Eg gler meg til å ta fatt på trusopplærarjobben. Han verkar spennande og interessant, men sjølvsagt også utfordrande, seier Kristin.

Kirkens Nødhjelps fas I kriser er

Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og truer menneskes tilgang på reint vatn. I haust overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.

Det er dei fattigaste som vert hardest ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filippinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.

Ein av dei som nyleg har fått merke dette på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har 3 born, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgon tidleg i oktober kom flaumen brått til landsbyen.

- Vatnet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe i tryggleik. Vi sprang til næraste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

Vart sjuk av vatnet

Familien vart buande på denne landevegen uten ly i over ein månad, ventende på hjelp. Då flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korpje husdyr eller annan eigedom. Huset vart fullstendig øydelt og husdyra drukna.

- Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed.

Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammeds familie. Tidlegare jobba Muhammed som tryggleiksvakt og heile storfamilien var avhengige av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed vere saman med familien og han miste difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevattet er forureina.

- Dottera mi på to år er blitt sjuk av å drikke vatnet etter

FASTEAKSJONEN 2015
22.-24. MARS

I kriser er vann kritisk!
Vi er der i katastrofen
med rent vann.
Nå trenger vi deg.

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr)
eller ring **820 44 088** (200 kr) eller
benytt kontonummer **1594 22 87493**

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

teaksjon 2015:

vatn kristisk



Familien: Muhammed Irshad og familien hans fikk livet endra totalt når flaumen ramma landsbyen. Huset vart fullstendig øydelagt, og den yngste dottera, Sadia (2), har vorte sjuk av det forureina vatnet. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.

flaumen. Det er så vidt vi hadde råd til å betale for medisnane ho treng for å overleve, fortel han alvorleg mens kona held dottera tett inntil seg. Kirkens Nødhjelp sin partnar Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gje Muhammed og landsbyen nye handpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre at landsbyen på nytt får trygt vatn. Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørgjer for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samstundes jobbar dei saman med folk i utsette område for å forebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar i tillegg med å påverke politikarar og andre

som styrer og tek avgjerder, til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 22.-24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydene sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammar. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015 i <fyll inn din kyrkjelyd>, anten ved å stille som bøssebærar eller med penger i bøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.



Ruinar: Muhammed Irshad framfor det som ein gong var inngangsdøra til huset. – Her kom flaumen frå, seier han og peikar. Foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.

I Vaksdal vert det innsamling i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn tysdag 24. mars om ettermiddagen. I dei andre kyrkjene vert det teke opp takkoffer i gudstenestene i påsken.

Min salme

Det å verta utfordra på kva som er «MIN SALME», er ikkje lett når ein tenkjer på den unike salmeskatten me har, både av nye og gamle salmar, noko me nyleg fekk både sjå og høyra i TV-programmet «Salmar minutt for minutt», og kvar sundagskveld kan ein på radio høyra programmet «Salmar til alle tider» der ein får servert mykje fin salmesong.

Skuleåret 1962/63 gjekk eg på Framnes Folkehøgskule, og som min salme «Han tek ikkje glansen av livet» av Trygve Bjerkrheim, vil eg knyta til eit utruleg fint og gjevande år. Der var me samla mange ungdomar frå heile landet, med stort elevkor, ja songen var i fokus. Trygve Bjerkrheim har skrive mange fine salmar, særleg den som eg vel som «min», song me mykje. Det var på Framnes at gleda i å syngja i kor blei tent, og har i mange år hatt gleda av å sunge i Kordial .

Difor har «Han tek ikkje glansen av livet» gitt meg mykje av gode opplevingar og fine minner, og som eg framleis ser på som min salme.

Dette er Margrethe Jamne sit bidrag til salmestafetten og ho sender den vidare til Gunvor Klyve Thomassen.

*1 Han tek ikkje glansen av livet,
den Frelsar som kallar på deg.
Fyrst då kan for alvor du leva
når han får deg fylgja på veg.*

*2 Du høyrer dei dårande røyster
som lovar deg gullglim og glans,
men ingen legg lys over vegen
som Jesus og kjærleiken hans.*

*3 Han hjelper i brattaste bakkar
og stør deg når vegen vert smal.
Han signar dei sollyse sletter
og lyser i døds-skuggens dal.*

*4 Han fører deg frelst over fjorden,
heilt fram til den himmelske strand.
Når døden sin brotsjø du møter,
vil Jesus dra båten i land.*

*5 Han tek ikkje glansen av livet,
han gyller din morgon og kveld
og opnar ei dør til dei salar
der æveleg høgtid du held.*



Borna sin påskedag 12. april

*Påskekylling, påskeegg,
påskesol i hyttevegg.
Påskeferie, påsketur,
påskebrun i Guds natur.
Påskelilje gull og flott,
snø og is som smelter brått.
Vinteren er omme,
nå skal våren komme!*

*Påskeinntog, palmekvist,
påskeuken, god, men trist.
Kongekrans av tornekraut,
kors og død og påskennatt.
Påskejubel, påskedag,
englebud ved åpen grav.
Tørk langfredagståren!
Det er påskemorgen!*

av Dagny Renata Faksvåg Haugen



Nytt trusopplæringstiltak i år er Borna sin påskedag. Første søndag etter påske set me fokus på heile påska inn i ei gudetsneste. Det vert spennande! Frå stasjon til stasjon, frå salme til salme, frå dag til dag, skal me få følgje med som ein læresvein i Jesu vandring gjennom påskeveka og fram til oppstoda og fest!

Alle born, unge, vaksne og eldre i Vaksdal er velkomne til å delta på denne påskefeiringa, og det vert sendt spesiell invitasjon til deg som er 5, 7 og 9 år gamal.

Det vert ei samling i førekant av gudstenesta og ei samling i etterkant med aktivitet og kyrkjekaffi.

Denne dagen vert feira på to plasser i kommunen, Vaksdal kyrkje kl 11.00 og Stamnes kyrkje kl 16.00. Du kan velje kvar det passar best for deg å delta.

Salmeslaget

Dei fleste konfirmantane i Vaksdal og Modalen var med på årets salmeprosjekt. Det store salmeslaget gjekk av stabelen laurdag 17. januar i Vaksdal samfunnssal.

Salmeslaget likna ein del på Korslaget som har gått på TV tidlegare, og konfirmantane var delt inn i grupper, kvar gruppe skulle syngje si salme, og ei av gruppene ville gå av med sigeren. På konserten hadde gruppene med seg koristar frå koret Kilden, og kvar gruppe hadde ein coach og ein assistent som hjelpte dei med utarbeiding og gjennomføring av sceneframføringa.

Musikken til salmane er det kantor Olav Arne som har arrangert, og han hadde med seg band og lyd-/lysfolk som saman ga salmane og konserten elles ei proff utforming. Førebuingane til Det store salmeslaget starta alt om hausten, då konfirmantane var på leir på Fagertun. Dei song litt på salmane utover året, og hadde to korte øvingar dei



Vinnarane: Gruppen med konfirmantar frå Modalen og Eidsland vann Salmeslaget.

siste to vekene før konserten. Sjølv konsertdagen starta konfirmantane med øving om føremiddagen, øvde utover dagen, og var klare for konsert kl. 20.00.

Eit dommarpanel var sett saman av Leif Inge Eide, Ove Magne Straume og Hege Eide Vik, ein trio konfirmantane

kjenner frå skulen på Dale. Dei kom med respons til kvar av gruppene, og avgjorde - saman med røystene frå publikum - kva gruppe som skulle vinne. Konfransier for kvelden var Jarle Audestad - han og til vanleg tilsett ved Dale barne- og ungdomsskule.

Og vinnarane, det var gruppa med konfirmantar frå Modalen og Eidsland!

Dei song salma *Folkefrelsar til oss kom*, og dei hadde berre nokre få stemmar meir enn dei to gruppene som kom på delt andreplass.



Lys Vaken

I vinter har det vore Lys Vaken i to av kyrkjene våre.

I Nesheim kyrkje var alle i Eksingedalen mellom 9 og 14 år innbedne, og det heile starta med Lysmesse laurdag ettermiddag.

I Dale kyrkje var årets 11-åringar i resten av kommunen innbedne, og då vart opplegget avslutta med familiegudsteneste søndag førmiddag.

Her er nokre gløtt frå både Nesheim og Dale:



Lys Vaken Dale kyrkje: Alle borna fekk lage seg ein Kristuskrans.



Lys Vaken i Nesheim kyrkje: Det er lov å sove i kyrkja...



Lys Vaken i Nesheim kyrkje: Asbjørn Nese fortel om orgelet.



Lys Vaken Dale kyrkje: Kantor Tone Synnøve leier førebuinga til gudstenesta.

Korskulen på vårtreff

Det er vårtreff for Korskulen i april. Då reiser borna til Sætervika i Samnanger for å møte andre born og unge som syng i kor. Det vert ca 90 born og unge som deltek totalt, og her

i frå vert det rundt 15 stk som deltek, frå bygdene Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Her skal ein verte kjent, treffe gamle vener, få nye vener, øve og ha det kjekt i lag. Til dette

vårtreffet har Eilert Tøsse, kantor i Samnanger; skrive eit nytt verk som skal framførast. I tillegg skal ein øve andre songar, og alt skal framførast i Odland kyrkje.

Korskulen oppmodar folk i Vaksdal til å ta turen til Samnanger søndag 19. april kl 11.00 for å høyre på fin korsong i Odland kyrkje.



Konfirmant i Nepal

Konfirmanttida i Nepal vart litt annleis enn i Norge for Ole-Johan Faugstad Gullbrå. Han bur til vanleg på Vaksdal, men har og budd i Nepal i mange år. No er han og familie attende i Kathmandu, der pappa Kjartan arbeider med vasskraftutbygging for ein dansk bistandsorganisasjon. Mamma Elisabeth fortel:

Ole-Johan har fylgd undervisningsopplegget som Sjømannskyrkja tilbyr til nordmenn busett i utlandet. Det er eit flott opplegg og konfirmantane blir fylgd godt opp av sine vegleiarar.

Han byrja med konfirmantpresentasjon på julegudstenesta på ambassaden i desember. Sidan då har han levert inn 10 leksjonar til presten som har ansvar for vårt område. Som en del av opplegget får konfirmantane tilbod om å delta på en konfirmantleir. For Ole-Johan fall valet på å delta på leiren i Dubai. Han var på leir saman med 27 andre skandinaver. Mesteparten bur i Dei Forente



Lunsj: Leir-lunsj for konfirmantane. Litt annleis enn i Noreg, ja ...

Arabiske Emirater, men det var og nokre tilreisande. Det kom konfirmantar fra Madagaskar, Uganda og Saudi Arabia.

Leiren starta med sightseeing i Dubai for dei som kom tilreisande. Leiren inneheldt sosialt samvær, undervisning, gudsteneste og overnatting i ørkenen.

Etter leiren blei det nokre

hektiske dagar med innleveringer for å bli ferdig for konfirmasjonen.

Konfirmasjonsgudstenesta var i residensen til den norske ambassadøren. Det blei ei fin gudsteneste der Ole-Johan deltok med lesing, systera Ingrid Marie song preludium, og ei venninne av Ole-Johan song



Frå konfirmasjonsgudstenesta: Ole-Johan og Rune Birkeland.

postludium.

Saman med oss den dagen hadde vi åtte tilreisande gjester. Ole-Johan var heldig og fekk besøk av besteforeldre, oldemor, grandtante, fadnar og vener frå Vaksdal. Været viste seg frå si beste side den dagen, og festen blei halden i hagen vår.

Ha ein GOD dag!

Laurdag 21. mars kl. 12-14


Denne dagen skal konfirmantane hjelpe dei som ynskjer det med praktiske oppgåver som til dømes å handle, rake lauv eller flytte på ting, og andre oppgåver som kan vere vanskelege når ein er åleine eller helsa ikkje er topp. Slik skal konfirmantanbe gjere sitt til å lage ein GOD dag for menneska rundt seg, og for seg sjølve.

Vil du ha hjelp av konfirmantane?

Kontakt Frode (90 19 65 14) eller Edvard (90 84 06 24)
seinast laurdag kl. 11.00

Servering av vafler og kaffi m.m.
ved butikkane kl. 12-14

MINNEORD



Einar Tveit då han kom med helsing i høve Vaksdal kyrkje sitt jubileum i 2008.

Einar Tveit døde 2. februar, nær 90 år gamal. Han var prest i Vaksdal i åra 1962-1968, og budde i prestebustaden på Dale. Sine siste yrkesaktive år hadde han i Hemsedal, der han og vart buande siden. Me lyser fred over minnet hans.

Frode Kvamsøe

Felles høgtids- gudsteneste 1. påskedag kl. 11.00 i Dale kyrkje

1. påskedag vert det igjen felles høgtidsgudsteneste, denne gong i Dale kyrkje. Det er fint å kunne samlast på ein slik måte til ei feiring av Jesu oppstode. Me ynskjer å fylla gudstenesta med mykje song og musikk, og utfordrar her alle som har lyst til å vere med i forsongarkoret. Me møtest kl.10.00 for øving og gjennomgang av det som koret er med på. Me satsar på god oppslutning denne dagen så det kan verte ei skikkeleg festgudsteneste.

Orgelresitasjonar/ konsertar i påska:

I påska har ein høve til å få med seg orgeltonar som ei innleiing til nokre av gudstenestene. Det vert ein liten «konsert» der programmet vil vere prega av pasjonstida. Resitasjonane byrjar ein halv time før gudstenestene. Det vert orgelresitasjon i:

Stamnes kyrkje, skjærtorsdag 2. april
kl. 18.30: Orgelresitasjon ved kantor
Olav Arne Steinkopf

Eidsland kapell, langfredag 3. april
kl. 10.30: Orgelresitasjon ved kantor
Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Vaksdal kyrkje, langfredag 3. april
kl. 18.30: Orgelresitasjon ved kantor
Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Arbeid på kyrkjer og kyrkjegardar

Kyrkjetaket i Bergsdalen

I haust vart halve taket til Bergsdalen kyrkje vølt og resten skal takast når det vartast i år. Det var trong for å byte papp, lekter og takstein. I tillegg er trekledninga på gavlen byta ut.

Vøle i Eidsland kapell

I haust vart kyrkja malt, og det er komme nye utelys på sakristiinnngangen.

Lys utanfor Vaksdal kyrkje


Arbeidet med å få på plass lyset att utanfor Vaksdal kyrkje er i gang. Dette er ein omstendelig prosess då straumforsyninga til lysa er gjennom gamle ledningar og røyr, og i tillegg ligg i bakken. Difor må ein vente til våre med å slutføre arbeidet. Arbeidet til no er gjort på dugnad av Odd Arild Faugstad og Jim Stavenes.

Muren ved Vaksdal kyrkjegard

Delar av muren rundt kyrkjegarden måtte i fjor takast ned då han seig faretruande mykje. Arbeidet med å setje opp ny mur og port er i gang, og vert vonleg ferdig til påske.

Julelyset i Dale kyrkje

1. søndag i advent fekk Dale kyrkje ny lyssetjing utandørs (biletet). Soknerådet ynsk-



te å gjere noko med at kyrkja ligg i mørkret når dagslyset forsvinn, noko som særleg er merkbar i den mørke tida av året. Og for å gjere noko meir ut av det enn berre å henge opp lyskastarar vart det kjøpt inn ei lysgardin og ei stjerne til å henge oppe i advents- og juletida. Stjerna symboliserar julestjerna, og alle smålysa i gardinet symboliserar englane som fylte himmelen over Betlehemsmarkene då Jesus vart fødd.

Arbeidet med å tilretteleggje gardin og stjerne for Dale kyrkje vart gjort av BKK si avdeling på Dale. Dei var og med då utstyret skulle hengjast opp og takast ned, så det var heilt naturleg at det var stasjonsleiar Magnar Oppedal som fekk oppdraget å tenne lysa, noko som skjedde etter lysmessa md konfirmantane den 30. november.

Planen til soknerådet er no å få opplyskastarar som lyser opp delar av kyrkja elles i året.



Kyrkjevalet 2015

Kyrkjevalet 2015 vil finna stad på same dato som kommune og fylkestingsvalet. I Vaksdal kommune vil du kunne stemme på same staden som der du stemmer ved storting og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet består av to val. Val til sokneråd og val til bispedømmerådet. For å kunne stemme ved kyrkjevalet må du fylle 15 år i 2015. Du må også være medlem av den norske kyrkja.

Kyrkjevjerja ynskjer å gjera spesielt merksam på at 1.mai 2015 er siste frist for innlevering av alternative lister (kandidatlistar) til soknerådsvalet. Denne dato er også siste frist for innlevering av alternative lister til bispedømmerådsvalet (leke medlemmer) Ynskjer du meir informasjon om kyrkjevalet 2015 kan du gå inn på www.kyrkja.no eller ta kontakt med kyrkjekontoret.



Vaksdal bedehus

Søndag 22. mars kl 11.00: Storsamling

Søndag 19. april kl 11.00: Storsamling

Fredag 1. mai kl 16.00: Basar

Søndag 10. mai kl 11.00: Storsamling

Søndag 31. mai kl 11.00: Storsamling

Laurdag 6. juni kl 17.00: Basar for Fagertun leirstad



Dale bedehus

Onsdag 29. april kl. 19.00.

Møte. Tale ved Leiv Nesheim

Søndag 17. mai kl. 18.00.

Fest! Andakt ved Reidun Skurtveit

Onsdag 3. juni kl. 19.00

Møte. Tale ved Audun Hjelvik



Stanghelle bedehus

Felles møteveke tysdag 14. april til fredag 17. april, alle dagar kl. 19.00.

Onsdag 20. mai kl. 19.00

Møte. Tale ved Asle Hetlebrekke



KYRKJEVERJEBABY!

For fyrste gong i nyare tid, reknar me med, har kyrkjeverja i Vaksdal fått barn!!

Så gratulera, Veronica og Bjart-Magnus. Vidunderet vart fødd på Voss 18. februar, heiter Jarl-Samuel, var 50 cm lang og vog 2940 gram.

Helsing staben på kyrkjekontoret.



CD-en kostar kr 100,-, og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrkjekontoret

Effektiv 

trafikkopplæring 

Tlf. 913 03 491
 geir@effektivtrafikk.no
 www.effektivtrafikk.no

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
 med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
 5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
 Kaldtbord
 Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

BKK

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop
 prix**

Opningstider:
 Mån-laur 8-20
 Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL
 ELEKTRO**

Me leverer alt innan
 elektrikartenester.
 Tlf. 56 59 43 00

SparebankenVest
 – satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

**VAKSDAL BLOMSTER OG
 BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
 Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s
 AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
 Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip
 Restaurering • Bolting • Oppretting

**STEINRIKET
 DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Bergsdalen

08.02 Leon Middleton

Dale

01.02 Jakob Nottveit Stanghelle

01.02 Iris Hansen Oppedal

Eksingedalen

01.02 Melina Hagenes Lavik

Vaksdal

11.01 Adrian Aase Hovlandsdal (Åsane kyrkje)

08.02 Olivia Berge Mjelde



VIGDE

Bergsdalen

03.01 Synneva Midttun og Tarjei Alvestad

Stamnes

24.01 Line Eide Vik og Egil Kaland



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34



DØDE

Dale

22.11	Ove Bjørnar Solheim	1956
20.11	Else Rørvik	1929
02.12	Helge Sellevold	1953
14.12	Øivind Atle Thorkildsen	1951
28.12	Nelly Breistein	1925
29.12	Grethe Gunn Andersen	1942
05.01	Solveig Tveiterås	1930
06.01	Gunnlaug Helga Vågen	1921
07.01	Astrid Øvsttun	1917
14.01	Signy Fjellanger	1938
15.01	Gunnar Gregersen	1928
19.01	Astrid Dale	1935
26.01	John Karsten Solheim	1929
16.02	Gunnar Harald Sellevold	1945
17.02	Anna O Dankertsen	1921
18.02	Åsmund Faugstad	1918
23.02	Egil Stanghelle	1924
27.02	Johannes Kristoffer Kallestad	1930
04.03	Ruth Reigstad	1926
05.03	Arne K Meland	1930

Eidsland

19.11| Albert Johan Jakobsen 1931

Eksingedalen

05.12	Kristi Synnøve Fjellanger	1927
27.02	Aasta Lavik	1928

Nesheim

20.11 Karen Johanne Bergo 1933

Vaksdal

17.11	Leif Kalleklev	1918
15.12	Gerda Herfindal	1920
17.01	Nils E N Helle	1931

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



VELKOMEN TIL KYRKJA

Laurdag 30. mai

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dâp.

Sundag 31. mai - Treeiningssundag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

Sundag 7. juni - 2. sundag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER kl. 12.00.

Fitjvasstemna. Kvamsøe. Matøkt (medbragt mat).

Sundag 14. juni - 3. sundag i treeiningstida

AGNAVIKA (Stanghelle) kl. 16.00. Familiegudsteneste. Bø. Kyrkjekaffi.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 22. mars - Maria bodskapsdag
VAKSDAL BEDEHUS kl. 11.00. Felles storsamling. Bø. Nattverd.

Sundag 29. mars - Palmesundag
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

Torsdag 2. april - Skjærtorsdag
STAMNES KYRKJE kl. 18.30. Orgelresitasjon. Kl. 19.00. Nattverdsgudsteneste. Bø.

Fredag 3. april - Langfredag
EIDSLAND KAPELL kl. 10.30. Orgelresitasjon. Kl. 11.00. Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.30. Orgelresitasjon. Kl. 19.00. Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe

Sundag 5. april - Påskedag
DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Bø. Dâp. Nattverd.
Forsongarar møter kl. 10.00.
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

Måndag 6. april - 2. påskedag
Ingen gudstenester i Vaksdal.

Sundag 12. april - 2. søndag i påsketida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste / Borna sin påskedag. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste / Borna sin påskedag. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Sundag 19. april - 1. søndag i påsketida
DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Laurdag 25. april
EIDSLAND KAPELL kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dâp.

Sundag 26. april - 4. søndag i påsketida
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Ung Messe med konfirmantane frå Vaksdal, Dale og Stamnes. Bø og Kvamsøe. Kantorane m/band. Dâp. Nattverd.

Fredag 1. mai
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Preik ved Eirik Haga. Dale Mannskor.

Laurdag 2. mai
DALE KYRKJE kl. 12.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dâp.

Sundag 3. mai - 5. søndag i påsketida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe. Dâp.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dâp.

Sundag 10. mai - 6. søndag i påsketida
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Bø. Dâp.

Torsdag 14. mai - Helgetorsdag
SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste. Bø.

Sundag 17. mai - Grunnlovsdagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Gudsteneste. Bø. DALE KYRKJE kl. 10.30. Gudsteneste. Gammelsæter.
STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Familiegudsteneste. Gammelsæter.
EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Familiegudsteneste. Bø.

Sundag 24. mai - Pinsedag
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Stamnes sokn. Bø og Kvamsøe. Dâp. Nattverd.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

Dâp= Høve til dâp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfjøsken

www.bunadogstakkastovo.no